
Saksnr: 2020/49289-11
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|-------------|-------------|------------|
| Klagenemnda | | 31.08.2021 |

Møteplan for klagenemnda i Vestland fylkeskommune for året 2022

Forslag til vedtak

1. Klagenemnda i Vestland fylkeskommune vedtek det framlagde forslag til møteplan for året 2022 slik den ligg føre.

Samandrag

Klagenemnda er eit fylkeskommunalt organ oppretta i medhald av Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova) § 28 2. ledd, og er klageinstans for enkeltvedtak som er treft av fylkeskommunalt organ oppretta i medhald av kommunelova.

Møteplanen for året 2022 må no fastsetjast.

Bertil Søfteland
leiar politisk sekretariat

IMerethe Helland Nordnæs
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Klagenemnda tek avgjerd i saker om klage på enkeltvedtak treft av fylkeskommunalt organ oppretta i medhald av kommunelova, med unntak av fylkestinget. Departementet er klageinstans for vedtak treft av fylkestinget. Klagenemnda tek avgjerd i andre saker der det i lov eller forskrift er fastsett at fylkeskommunen eller fylkeskommunalt organ er klageinstans, og fylkestinget ikkje har lagt mynde til andre, Jfr. Reglement for folkevalde organ og delegering, reglement for klagenemnda pkt. 2.

Klagenemnda vedtek si eiga møteplan.

Det vert vist til sak i fylkestinget den 16.06.2021, PS 64/21, «Møteplan for folkevalde organ i 2022». Her går det mellom anna fram at: *«Dei andre folkevalde organa som klagenemnda, kontrollutvalet, trafiktryggingsutvalet, valnemnda, medverknadsorgana, yrkesopplæringsnemnda og arbeidsmiljøutvalet vil fastsette eigne møteplanar i sine respektive organ.»*

Det går fram av protokollen frå møtet i fylkestinget den 16.06.2021 at:

1. *«Fylkestinget viser til saksframstillinga og vedtek framlagte møteplan 2022 for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune.»*
2. *Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge fram ein samla møteplan for alle folkevalde organ i Vestland fylkeskommune på fylkestinget 29.september.»*

Det er forslag om 7 møtedatoar for året 2022. Møtedag er onsdag.

Under følgjer forslag til møteplan for året 2022 for klagenemnda i Vestland fylkeskommune:

Forslag til møteplan:

Onsdag 09.02.2022.
Onsdag 30.03.2022.
Onsdag 04.05.2022.
Onsdag 15.06.2022.
Onsdag 24.08.2022.
Onsdag 19.10.2022.
Onsdag 07.12.2022.

Vedtakskompetanse

Reglement for folkevalde organ og delegering, reglement for klagenemnda.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Ikkje relevant. Det er sett av midlar til klagenemnda sine møter i budsjettet.

Klima:

Ikkje relevant.

Folkehelse:

Ikkje relevant.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Ikkje relevant.

Konklusjon

Møteplan for klagenemnda sine møter i 2022 må fastsetast.